



Øystre Slidre kommune

Formannskapet

Protokoll

Møtedato: 05.02.2026
Møtestad: Tingvang

Møtetid: Kl. 10:00 - 16:00

Medlemmer

Bjarne Budal
Mette Christiansen
Bente Oxhøvd
Odd Erik Holden
One Granli Enerud

Parti

AP
AP
H
SP
SV

Andre som møtte:

Jostein Aanestad

Ugild	Sak	Varamedl. møtte	Merknad
Odd Erik Holden	02/26	Magne Mjøs	

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

01/26	Referat- og orienteringssaker
02/26	Valdresmusea - Støtte til etablering av flaumvern
03/26	Ny allmenn taksering av eigedomar i Øystre Slidre kommune
04/26	Revisjon av lokal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag
05/26	Revisjon av lokal Forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr, Øystre Slidre kommune, Innlandet
06/26	Vedtak av forskrift for handsaming av saker etter plan- og bygningslova
07/26	2/45 og 2/50 - Klagebehandling avslag dispensasjon
08/26	Slutthandsaming detaljregulering for Lien Gard
09/26	Erverv av grunn

Ikkje offentleg

01/26 Referat- og orienteringssaker

Tilråding

Sakene vert teke til vitande.

..... gir fullmakt til å godkjenne og signere protokollen.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet gir fullmakt til Mette Christiansen og One G. Enerud å godkjenne og signere protokollen.

Samrøystes vedteke.

FS - 01/26 Vedtak:

Sakene vert teke til vitande.

Formannskapet gir fullmakt til Mette Christiansen og One G. Enerud å godkjenne og signere protokollen.

02/26 Valdresmusea - Støtte til etablering av flaumvern

Forslag til vedtak

Kommunestyret anbefaler at Valdresmusea AS tar initiativ til å søke NVE om tilskudd til flomsikring, og kommunene i Valdres vil bidra til finansiering av egenandelen ved å øke det årlige driftstilskuddet til Valdresmusea AS med kr 2,- pr innbygger. Det gir et økt tilskudd til Valdresmusea AS for 2026 og senere år på ca kr 6 600. Denne økningen ligger i årsbudsjettene for de enkelte år.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Odd Erik Holden opplyste at han er styreleiar i Valdresmusea og bad om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fann Odd Erik Holden inhabil. Magne Mjøs møtte som vararepresentant.

One G. Enerud opplyste at ho arbeider i Valdresmusea og bad om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fann One G. Enerud habil til å delta under handsaming av saka.

Bjarne Budal la fram følgjande forslag vedtak:

Øystre Slidre kommune løyver ein eingongsstøtte på kr. 95 879,- til flaumsikring i 2026 i samsvar med plan for Valdresmusea. Ordførar får fullmakt til å samordne vedtak mellom kommunane.

Ingen ønska å fremma tilrådinga frå kommunedirektøren.
Forslaget frå Bjarne Budal vart samrøystes tilrådd.

FS - 02/26 Vedtak:

Øystre Slidre kommune løyver ei eingongsstøtte på kr. 95 879,- til flaumsikring i 2026 i samsvar med plan for Valdresmusea. Ordførar får fullmakt til å samordne vedtak mellom kommunane.

03/26 Ny allmenn taksering av eigedomar i Øystre Slidre kommune

Tilråding

1. Kommunestyret vedtek at det skal gjennomførast ny alminneleg taksering av alle eigedomar i Øystre Slidre kommune i samsvar med eigedomsskattelova § 8 A-3.
2. Takseringa skal gjennomførast i løpet av 2026 og 2027 og nye takstar skal har verknad frå og med skatteåret 2028.
3. Takseringa skal skje etter rammer og retningslinjer som skal bli oppdatert av skattetakstnemnda og lagt fram til kommunestyret innan sommaren 2027. Det skal utarbeidast nye takstgrunnlag basert på fysisk synfaring der det er naudsynt, og på bakgrunn av vurdering av eigedomane sin verdi.
4. Sakkunnig takstnemnd har ansvaret for taksering og fastset takst på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf. eigedomsskattelova §§8A-2 og 8A-3 og eigedomsskattetakstvedtekter for Øystre Slidre kommune.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke..

FS - 03/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at det skal gjennomførast ny alminneleg taksering av alle eigedomar i Øystre Slidre kommune i samsvar med eigedomsskattelova § 8 A-3.

1. Takseringa skal gjennomførast i løpet av 2026 og 2027 og nye takstar skal ha verknad frå og med skatteåret 2028.
2. Takseringa skal skje etter rammer og retningslinjer som skal bli oppdatert av skattetakstnemnda og lagt fram til kommunestyret innan sommaren 2027. Det skal utarbeidast nye takstgrunnlag basert på fysisk synfaring der det er naudsynt, og på bakgrunn av vurdering av eigedomane sin verdi.
3. Sakkunnig takstnemnd har ansvaret for taksering og fastset takst på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf. eigedomsskattelova §§8A-2 og 8A-3 og eigedomsskattetakstvedtekter for Øystre Slidre kommune.

04/26 Revisjon av lokal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag

Tilråding

Forslag til endring i lokal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag vert lagt ut på offentlig høyring. Høyringsperioden er 6 veker.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 04/26 Vedtak:

Forslag til endring i lokal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag vert lagt ut på offentlig høyring. Høyringsperioden er 6 veker.

05/26 Revisjon av lokal Forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr, Øystre Slidre kommune, Innlandet

Tilråding

Kommunestyret vedtek revidert lokal forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr i Øystre Slidre kommune jf. vedlagt forskrift

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 05/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert lokal forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr i Øystre Slidre kommune jf. vedlagt forskrift.

06/26 Vedtak av forskrift for handsaming av saker etter plan- og bygningslova

Tilråding

Kommunestyret vedtek lokal forskrift om handsaming etter plan- og bygningslova.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 06/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek lokal forskrift om handsaming etter plan- og bygningslova. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

07/26 2/45 og 2/50 - Klagebehandling avslag dispensasjon

Tilråding

Formannskapet finn at saka er tilstrekkeleg utgreidd og at klaga ikkje har vesentlege nye opplysningar som gir grunnlag for endre vedtaket i sak 351/25.

Formannskapet stadfestar tidlegare vedtak og sender saka til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 07/26 Vedtak:

Formannskapet finn at saka er tilstrekkeleg utgreidd og at klaga ikkje har vesentlege nye opplysningar som gir grunnlag for endre vedtaket i sak 351/25.

Formannskapet stadfestar tidlegare vedtak og sender saka til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

08/26 Slutthandsaming detaljregulering for Lien Gard

Tilråding

Kommunedirektøren tilrår at reguleringsplan for Lien gard, planID 202203, vert vedteken slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren opplyste at Statsforvaltaren i brev av 4.2. har trekt motsegna. Samrøystes vedteke.

FS - 08/26 Vedtak:

Kommunestyre vedtek reguleringsplan for Lien gard, planID 202203, slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

09/26 Erverv av grunn

Tilråding

Formannskapet ber kommunedirektøren inngå avtale om overtaking av grunn for Liastølen innafor ei økonomisk ramme på Om det ikkje lukkast med å inngå ei frivillig avtale innafor denne ramme, ber formannskapet kommunedirektøren sørge for at området vert regulert, slik at kommunen får eit juridisk grunnlagt for å eksproprier areal.

05.02.2026 Formannskapet

Behandling

Ordførar fremma forslag om at saka vert handsama i lukka møte, jf. kommunelova § 31.
Formannskapet slutta seg til det.

Kommunedirektøren la fram endring av tilrådinga:

1. Formannskapet ber kommunedirektøren inngå avtale om kjøp av grunn for Liastølen, for å sikre grunnlaget for Liastølen Kulturlag sin aktivitet, innafor ei økonomisk akseptabel ramme.
 2. Om det ikkje lukkast å inngå ei frivillig avtale innafor denne ramme, ber formannskapet kommunedirektøren sørge for at området vert regulert, slik at kommunen får eit juridisk grunnlag for å ekspropriere arealet.
- Det vart røysta over tilrådinga.

Første punkt i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Andre punkt i tilrådinga fekk 4 røyster (Ap, Sv, Sp).

For.

FS - 09/26 Vedtak:

1. Formannskapet ber kommunedirektøren inngå avtale om kjøp av grunn for Liastølen, for å sikre grunnlaget for Liastølen Kulturlag sin aktivitet, innafor ei økonomisk akseptabel ramme.
2. Om det ikkje lukkast å inngå ei frivillig avtale innafor denne ramme, ber formannskapet kommunedirektøren sørge for at området vert regulert, slik at kommunen får eit juridisk grunnlag for å ekspropriere arealet.